Lotteri- og stiftelsestilsynet

Norske pengespel 2025

Gambling i Norway



Statistikk over norske pengespel og lotteri

Annual statistics report from The Norwegian Gambling and Foundation Authority

Utgitt av Lotteri- og stiftelsestilsynet, 2026
Ombrekking: Aksell
Forsideillustrasjon: Trond Kulterud

Innhald

Føreord – Høgare innsats, men stabil omsetning til aktørane. . . . 4

1. Samandrag. . . . 5
2. Endring i omsetning 16
3. Norsk Tipping AS. . . . 19
4. Norsk Rikstoto. . . . 27
5. Spel på nett og mobil - Norsk Tipping og Norsk Rikstoto 30
6. Bingo 32
7. Andre lotteri. . . . 36
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn 39
9. English summary 40
10. Vedlegg 43

Føreord – Høgare innsats, men stabil omsetning til aktørane

2025 viser ei todelt utvikling i den regulerte pengespelmarknaden. Nordmenn spelte for om lag 66 milliardar kroner, ein auke på fire prosent frå året før. Samstundes gjekk ein større del av innsatsen tilbake til spelarane som gevinstar som gjer at netto omsetning er om lag ein prosent lågare enn i 2024. Utviklinga viser ei forskyving hos Norsk Tipping mot spel med høg gevinstdel og til ein viss grad auka kanalisering[1].

Ein større del av omsetninga til Norsk Tipping kjem frå spel i kategorien Instaspill, i hovudsak kasinospel, som har høgare gevinstdel enn dei tradisjonelle talspela. Dette bidreg til at brutto omsetning aukar raskare enn netto omsetning. For kasinospel auka omsetninga med 12 % frå 2024, til om lag 33 milliardar i 2025.

Hestespela til Norsk Rikstoto auka både brutto- og nettoomsetninga med høvesvis fire og tre prosent og er tilbake på nivå med omsetninga i 2022.

I den private delen av marknaden hadde bingo med medhjelpar ein markant nedgang, med 20 prosent lågare omsetning enn i 2024. Omsetninga har vist ein nedgåande trend dei siste tre åra. Innføringa av krav om registrert spel og tapsgrenser i 2025 har truleg bidratt til å forsterke denne utviklinga. Også andre lotteri med løyve hadde nedgang, medan Lotteri med lisens held fram veksten frå fjoråret. Poker-NM auka omsetninga, medan spel på skip hadde høgare brutto omsetning, men noko lågare netto omsetning.

Framleis store midlar til samfunnsnyttige formål

Pengespela bidrog med nær 8,9 milliardar kroner til samfunnsnyttige og humanitære formål i 2025, om lag 250 mill.kroner mindre enn rekordåret 2024. Nedgangen kan i stor grad forklarast av høgare administrative kostnader i Norsk Tipping og redusert omsetning for bingo med medhjelpar. Den prosentvise fordelinga mellom formålskategoriane var om lag som i 2024. Idretten mottok nærare 4,7 milliardar.

Tala for 2025 viser ein marknad med auka innsats, relativt stabil netto omsetning og framleis store overføringar til samfunnsnyttige og humanitære formål.

Atle Hamar
Direktør

Førde, oktober 2026

[1] Ansvarlegheits- og kanaliseringsrapport 2026

1. Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden blei det i 2025 omsett for 66,3 milliardar kroner. Av dette gjekk 53,5 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at gevinstane var utbetalte, blei dei resterande 12,7 milliardane fordelte mellom aktørar, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar og humanitære og samfunnsnyttige formål[2].

Metode for datainnsamling blir omtalt i vedlegg.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2025

	Millionar	
År 2025	NOK	EUR[3]
Brutto omsetning (spelt for)	66 256	5 654
Gevinst	53 536	4 569
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	12 720	1 086

	Spelt for		Tapt (etter gevinst/GGR)	
Året 2025	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar[4]	11 808	1008	2 267	193
Per innbyggjar 18 år og eldre	14 704	1 255	2 823	241
Per husstand[5]	24 798	2 116	4 761	406
Prosent av disponibel inntekt[6]	3,06 %		0,59 %	


I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 11 808 kroner i 2025.

Det er 341 kroner meir enn i 2024.

Om vi trekkjer frå gevinstane vil kvar innbyggjar i 2025 ha tapt 2 267 kroner. Dette utgjer 0,59 % av husstanden sine disponible inntekter. Kvar husstand tapte 77 kroner mindre enn i 2024 som i hovudsak skuldast høgare gevinstrate i 2025.

[2] Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.
[3] Middelkurs 2025 frå Norges Bank 11,7177
[4] Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2025 og 1/1-2026.
[5] Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,10 (SSB).
[6] SSB: Disponibel inntekt 2025: 2 163 875 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2025



I 2025 spelte nordmenn for 66,3 milliardar kroner mot nærare 63,9 milliardar i 2024.

I 2025 blei det satsa 57,6 milliardar på Norsk Tipping sine spel. 2,8 milliardar[7] var satsa på Multix- og Belago-spel, 34,4 milliardar på nettbaserte spel i kategorien Instaspill (kasinospel, bingo og skrapespel) og 20,3 milliardar på øvrige spel. På Norsk Rikstoto sine hestespel spelte nordmenn for 3,3 milliardar kroner.

Bingo, lotteri og spel på skip utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på om lag 3,8 milliardar, der bingo med medhjelpar utgjorde størsteparten med nesten 3,7 milliardar, inkludert sidespel i bingo (databingo). Omsetninga for bingo utan medhjelpar var 102 mill. kroner.


Blant dei andre lotteria er det samla sett lotteri med lisens[8] som hadde størst omsetning, og saman med andre lotteri med løyve blei omsetninga 847 mill.[9].

NM i poker hadde ei omsetning på 42 mill. kroner.

Det blei spelt for 730 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

[7] 1 040 mill. på Multix og 1 756 mill. på Belago.
[8] Frå 1. jan. 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, i kap 10 i pengespelforskrifta.
[9] Lag og organisasjonar med loddsal under kroner 200 000 er verken melde- eller regnskapspliktige.
Deira omsetning var medrekna til og med 2022. Tidlegare var berre såkalla basarar ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden 2025, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman om lag 92 % av marknaden.

Pengepremiar og gevinstar i 2025


Tal i mill. kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst (av brutto)
Norsk Tipping	57 571	47 335	10 236	82 %
Norsk Rikstoto	3 278	2 290	988	70 %
Bingo med medhjelpar	3 685	2 958	728	80 %
Bingo utan medhjelpar	102	47	56	46 %
Lotteri med lisens	765	247	518	32 %
Andre lotteri med løyve	82	16[10]	66	20 %
Poker-NM	42	33	9	78 %
Spel på skip	730	611	119	84 %
Total	66 256	53 536	12 720	81 %

Spelarane vann tilbake totalt 53,5 milliardar kroner av innsatsen på 66,3 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo med medhjelpar. I % gjekk det mest tilbake frå spel på skip (84 %), Norsk Tipping (82 %) og bingo med medhjelpar (80 %).

10 Enkelte lotteri med løyve bokfører ofte lotteriet sin kostnad med varegevinstar og ikkje verdi på gevinst for spelar. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2025



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman om lag 88 % av marknaden i 2025.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2025

	Netto omsetning	Formål		Adm. kostnader	
Tilbyder	Mill. kr	Mill. kr	Prosent av netto	Mill. kr	Prosent av netto
Norsk Tipping	10 236	7 823	76 %	2 413	24 %
Norsk Rikstoto	988	495	50 %	493	50 %
Bingo med medhjelpar	728	168	23 %	560	77 %
Bingo utan medhjelpar	56	48	86 %	8	14 %
Lotteri med lisens	518	272	53 %	246	47 %
Andre lotteri med løyve	66	38	58 %	28	42 %
Poker-NM	9	2	22 %	7	78 %
Spel på skip	119	24	20 %	95	80 %
Totalt	12 720	8 870	70 %	3 850	30 %


8,9 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. 7,8 milliardar kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (76 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk 495 mill. til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå andre lotteri med løyve, lotteri med lisens og frå bingo utan medhjelpar. For bingo med medhjelpar, Poker NM og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter 23 % eller mindre av nettoomsetninga.

Mange av formåla i bingo med medhjelpar får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6. Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 24 mill., og frå Poker-NM i overkant av 2 mill. kroner.

Figuren under viser formåla sine inntekter frå ulike spel og lotteri.

Den norske pengespelmarknaden 2025,
fordeling til formål frå dei ulike tilbydarane



Totalt 8,9 mrd. kr

Dei administrative kostnadene var 134 mill. høgare i 2025 enn året før. Samstundes er nettoomsetninga redusert med 117 mill. kroner. Formåla har fått om lag 250 millionar mindre i 2025 enn i 2024, då formåla fekk 9 120 mill. kroner.

Administrative kostnader[11] i 2025 utgjorde om lag 3,9 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør, medhjelpar, og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene. Den største delen av kostnaden (2,4 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, der administrative kostnader utgjorde 24 % av netto omsetning. Dette er det same som i 2023, men ein auke på 3 % frå 2024. Større kostnadsbeløp kom og frå bingo med medhjelpar (0,56 mrd.) og Norsk Rikstoto og (0,49 mrd.), med høvesvis 77 % og 50 % av netto omsetning.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi sjå for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning og kostnad til 3. part for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Tilbyder	Netto omsetning (Mill. kr)	Kostnad til kommisjonær, nettpartnar eller lokalinnehavar (Mill. kr)	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	10 236	535	5 %
Norsk Rikstoto	988	56	6 %
Totalt	11 224	591	5 %

[11] Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Frå spela gjekk det 591 mill. kroner til kommisjonærar, nettpartnarar eller lokalinnehavarar. Dette utgjer 5 % av netto omsetning totalt, og er stabilt samanlikna med 2024.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Tabellen under viser spel- og lotteriinntekter fordelt på Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS) si inndeling i kategoriar:

Spel- og lotteriinntekter 2025	Mill. kr	Prosent	
Idrett	4 676	52,6 %	*
Kultur (tippenøkkel)	1 158	13,0 %	
Musikk/kultur/fritid	303	3,4 %	*
Hest/hestesport	495	5,6 %	
Helse	603	6,8 %	*
Humanitær	862	9,7 %	*
Diverse	135	1,5 %	*
Lokalradio /- TV	43	0,5 %	
Tiltak mot speleavhengigheit	38	0,4 %	
-Fleire kategoriar (organisasjonar med fleire ICNPO-kodar i Frivilligheitsregisteret)	19	0,2 %	
Usikker (øvrig tilskot til Samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fordelast etter søknad hausten 2025 – vert omtalt i detalj under)	553	6,2 %	
Totalt	8 884[12]	100,0 %	

**) I tillegg får formåla delar av 19 mill. frå «Fleire kategoriar..» i tabellen (samla 0,2 %).*

Midlar frå Tippenøkkelen

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt via ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, samt helse- og rehabilitertingsformål. Fordelinga er forankra i Pengespellova § 12. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkelen og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, kan søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot[13]. Søknadsfrist var 1. september 2026, men endeleg fordeling av beløp til organisasjonar vil ikkje vere klart før medio desember. Når fordelinga er klar vil det publiserast ein oppdatert versjon av statistikken på vår nettstad.

[12] Opptente renter på 15,2 millionar frå tidlegare år er medrekna. Beløpet er derfor høgare enn samla beløp omtalt i kapittelet «Fordeling til formål og administrative kostnader i 2025».

[13] Søknadsfrist er 1. september 2026. Endeleg fordeling av beløp til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar vil ikkje vere klart før medio desember. Når fordelinga er klar vil det publiserast ein oppdatert versjon av statistikken på vår nettstad.

I denne versjonen av statistikken har vi laga eit estimat på fordelinga av dei resterande 18 % (553 mill.) basert på tildelinga dei tre siste åra. Dette for å forsøke å gje eit meir reelt bilete av formåla sine inntekter fordelt på kategoriar:

År	2022		2023		2024		2025	
LS-kategori	Mill. kr	% av total	Mill. kr	% av total	Mill. kr	% av total	Gjennomsnitt av prosentvis fordeling siste tre år	Estimat på tildeling i 2025 (kr)
Musikk/ kultur/fritid	28	6 %	24	5 %	34	6 %	6 %	31
Helse	242	54 %	212	43 %	305	54 %	50 %	279
Humanitær	96	21 %	177	36 %	130	23 %	27 %	148
Diverse	84	19 %	79	16 %	95	17 %	17 %	95
Totalt	451	100 %	492	100 %	564	100 %	100 %	553

Om vi legg inn estimatet på tildeling for 2025 i tabellen for spel- og lotteriinntekter, blir fordelinga på kategoriane slik:

Spel- og lotteriinntekter 2025 (med estimat på fordeling av resterande 18 % frå tippenøkkelen)	Mill.kr	Prosent	
Idrett	4 676	52,6 %	*
Kultur (tippenøkkel)	1 158	13,0 %	
Musikk/kultur/fritid (estimat)	334	3,4 %	*
Hest/hestesport	495	5,6 %	
Helse (estimat)	881	6,8 %	*
Humanitær (estimat)	1 010	9,7 %	*
Diverse (estimat)	230	1,5 %	*
Lokalradio /- TV	43	0,5 %	
Tiltak mot speleavhengigheit	38	0,4 %	
-Fleire kategoriar (organisasjonar med fleire ICNPO-kodar i Frivilligheitsregisteret)	19	0,2 %	
Totalt	8 884	100,00 %	

*) *I tillegg får formåla delar av 19 mill. frå «Fleire kategoriar..» i tabellen (samla 0,4 %).*

Andre midlar

Foreiningar med inntekter frå bingo med medhjelpar får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Vidare er grasrotordninga og midlar til tiltak mot speleavhengigheit heller ikkje medrekna i tippenøkkelen.

I tillegg til midlar frå tippenøkkelen er det også utbetalt 15,2 mill. som er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2025. Frå Belago-terminalane har organisasjonar motteke om lag 0,4 mill. mindre enn det som er tildelt av Norsk Tipping. Dette heng saman med periodisering, etterslep og manglande kontonummer til organisasjonen i Frivilligheitsregisteret. Her inngår beløp som er motteke.

Kor kjem midlane til dei ulike kategoriane frå?

Tippenøkkelen og grasrotandelen er dei to største ordningane, men det er likevel stor variasjon i kor dei ulike kategoriane mottar midlane frå.

Idrett (4 676 mill. * (* = mottar delar av midlane frå «Fleire kategoriar»))

Inntekter til idrettsformål 2025	Mill. kr
Tippenøkkelen	4 116
Grasrot	440
Bingo med medhjelpar	75
Bingo utan medhjelpar	2
Belago	15
Andre lotteri med løyve	13
Spel på skip	16
Totalt	4 676

Idretten mottar 88% av midlane frå ordningane til Norsk Tipping. Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Musikk/kultur/fritid (1 492 mill. *)

Inntekter til kulturformål 2025	Mill. kr	
Tippenøkkelen	1 158	
Søknad til LS	31	**
Grasrot	245	
Bingo med medhjelpar	39	
Bingo utan medhjelpar	2	
Belago	8	
Andre lotteri med løyve	6	
Spel på skip	2	
Totalt	1 492	

***) Estimat for 2025*

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 1 158 mill. blei fordelt over tippenøkkelen.

Hest/hestesport (495 millionar)

Dette er inntekter som i sin heilskap kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (881 mill. *)

Inntekter til helseformål 2025	Mill. kr	
Tippenøkkelen (Stiftelsen Dam)	439,7	
Søknad til LS	278,6	**
Grasrot	89,2	
Bingo med medhjelpar	46,0	
Bingo utan medhjelpar	0,2	
Belago	9,7	
Andre lotteri med løyve	12,8	
Poker-NM	2,1	
Spel på skip	2,9	
Totalt	881,2	

***) Estimat for 2025*

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeininga, Norges Blindeforbund, Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk om lag 440 mill. frå Norsk Tipping via tippenøkkelen. Tradisjonelt har organisasjonar med kategori helse i tillegg mottatt ein betydeleg del av midlane som fordelast over tippenøkkelen etter søknad til LS.

Humanitær (1 010 mill. *)

Inntekter til humanitære formål 2025	Mill. kr	
Tippenøkkelen	619,3	
Søknad til LS	148,3	**
Grasrot	28,1	
Bingo med medhjelpar	2,3	
Belago	0,5	
Lotteri med lisens	209,3	
Andre lotteri med løyve	1,4	
Spel på skip	1,3	
Totalt	1 010,4	

***) Estimat for 2025*

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Største del av inntektene kom frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 619 mill., som vist i tabellen over.

Diverse organisasjonar (230 mill. *)

Inntekter til diverse formål 2025	Mill. kr	
Søknad til LS	95,2	**
Grasrot	61,4	
Bingo med medhjelpar	5,5	
Bingo utan medhjelpar	0,1	
Belago	1,3	
Lotteri med lisens	63,2	
Andre lotteri med løyve	1,8	
Spel på skip	1,2	
Totalt	229,7	

***) Estimat for 2025*

Under «Diverse» inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Lokalradio/-TV (43 mill.)

Desse har hatt ei inntekt på 43 mill. frå eigne bingosendingar.


Tiltak mot speleavhengigheit (38 mill.)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

Fleire kategoriar (uspesifiserte inntekter) (19 mill.)

Dette er inntekt frå grasrotmidlane og andre lotteri med løyve til organisasjonar som har fleire ICNPO-kodar i Frivilligheitsregisteret.

Den norske pengespelmarknaden 2025,
inntekt til formål fordel på ulike kategoriar (estimat)



Totalt 8 884 mill. kr

Endring frå år 2024

Formåla fekk for 2025 tilført 251 mill. mindre enn året før, noko som utgjer ein reduksjon på 3 %. Med unntak av kategorien «fleire kategoriar» er endringa frå året før 5 prosent eller mindre for alle formålskategoriane. Den endelege fordelinga blir først klar i desember 2025.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2024	2025	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	4 835	4 676	-159	-3 %
Kultur	1 196	1 158	-39	-3 %
Musikk/kultur/fritid **	345	334	-10	-3 %
Hest/hestesport	494	495	1	0 %
Helse **	877	881	4	0 %
Humanitær **	1 052	1 010	-41	-4 %
Diverse **	219	230	11	5 %
Lokalradio /- TV	42	43	1	2 %
Uspesifisert/Fleire kat. - vil inngå i formål ovanfor	35	19	-17	-47 %
Tiltak mot speleavhengigheit	40	38	-2	-4 %
Totalt	9 135	8 884	-251	-3 %

***) Estimat for 2025*

2. Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning (spelt for)	49 462	50 892	51 758	56 521	59 044	63 901	66 256	4 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	10 467	10 847	10 971	11 602	11 888	12 837	12 720	-1 %

Brutto omsetninga har auka med nærare 4 %, medan netto omsetninga er redusert med om lag 1 %.

Norsk Tipping

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	40 267	42 594	43 741	46 702	49 391	54 461	57 571	6 %
Netto omsetning	8 156	8 510	8 669	8 989	9 270	10 237	10 236	0 %

Brutto omsetning auka med 6 % samanlikna med 2024 medan netto omsetning er tilnærma lik.

Norsk Rikstoto

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	3 398	3 589	3 228	3 263	3 144	3 164	3 278	4 %
Netto omsetning	1 074	1 108	983	990	952	958	988	3 %

Norsk Rikstoto si omsetning har auka med 4 % for brutto og 3 % for netto.

Bingo med medhjelpar

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	4 638	3 707	3 637	5 016	4 848	4 616	3 685	- 20 %
Netto omsetning	807	738	730	954	944	897	728	- 19 %

Brutto- og netto omsetning for bingo med medhjelpar er redusert frå 2024 med høvesvis 20 % og 19 % .

Bingo utan medhjelpar

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Tal løyve:	230	175	150	165	150	123	106	-14 %
Brutto omsetning:	127	116	111	113	110	104	102	-1 %
Netto omsetning:	60	69	72	56	55	53	56	6 %

Tal lag som har gjennomført bingo utan medhjelpar er redusert noko i 2025. Brutto omsetning er redusert medan netto omsetning har auka.

Lotteri med lisens

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	302	459	568	628	690	751	765	2 %
Netto omsetning	153	274	368	421	466	497	518	4 %

Omsetninga for lotteri etter kapittel 10 i pengespelforskrifta auka med 2 % for brutto og 4 % for netto.

Andre lotteri med løyve[14]

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	152	125	114	101	101	88	82	-8 %
Netto omsetning	127	107	95	82	83	74	66	-11 %

Omsetninga for landsdekkande og meir lokale lotteri er redusert med nærare 10 % i 2025.

Poker-NM

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	22		24	26	34	37	42	13 %
Netto omsetning	4		5	6	8	8	9	12 %

Omsetninga for Poker-NM auka i 2025. Brutto og netto omsetning auka med høvesvis 13 og 12 %.

Spel på skip

Tal i mill. kroner	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024–2025
Brutto omsetning	556	302	335	671	726	679	730	4 %
Netto omsetning	86	41	49	104	108	113	119	-1 %


Spel på skip har hatt ein auke i brutto- og ein reduksjon i netto omsetning frå 2024. Brutto omsetning har auka med 4 % og netto omsetning er redusert med 1 %.

[14] Dette er landsdekkande, regionale og lokale lotteri med større omsetning enn det som gir fritak for melde- og regnskapsplikt.

3. Norsk Tipping AS

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje.
Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 57,6 milliardar kroner i 2025.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2025,
totalt 57 571 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	12 580	22 %
Sportsspel:	Tipping	499	1 %
	Oddsspel før arrangement	3 413	6 %
	Oddsspel under arrangement (ofte fotballkamp)	2 880	5 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	988	2 %
Terminalspel:	Multix og Belago	2 796	5 %
Instaspill:	Online – Flax, Bingoria, KongKasino, Yezz og Minispill	34 415	60 %
Total brutto omsetning		57 571	100 %

Omsetning og gevinst – i mill. kroner	Talspel	Sports-spel	Skrape-lodd (papir)	Terminal-spel[15]	Instaspill	Totalt
Total brutto oms.	12 580	6 792	988	2 796	34 415	57 571
Totalt til gevinst	6 304	5 400	558	2 599	32 474	47 335
Total netto oms.	6 276	1 392	430	197	1 942	10 236
Gevinstprosent	50 %	80 %	56 %	93 %	94 %	82 %


[15] Multix: Brutto 1 040 mill. og netto 82 mill. Belago: Brutto 1 756 mill. og netto 115 mill.

Totalt gjekk 82 % tilbake til spelar som gevinst. 18 % gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd, med høvesvis 50 og 56 %.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 80 % der oddsspel under arrangement har høgaste del med 84 %, oddsspel før arrangement 79 % og tipping lågast med 54 %. Høgaste gevinstprosent hadde terminalspela og spel i kategorien Instaspill med høvesvis 93 og 94 %.

På grunn av lågare gevinstdel på talspel er omsetninga her størst etter gevinstutbetaling. Over 61% av netto omsetninga, eller rundt 6,3 milliardar kjem frå talspela. Mesteparten her kjem frå Lotto, Viking Lotto og Eurojackpot.

Norsk Tipping AS.
Netto omsetning etter gevinstutbetaling 2025.
Millionar og prosent per spelkategori



Totalt 10 236 mill. kr

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk/kiosk, eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 2 592 ved utgangen av 2025.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil. Det blei satsa totalt 51 566 mill. kroner. 6 699 mill. blei satsa på sportsspel og 10 452 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 34 415 mill. kroner. Gjennom kommisjonærnettet gjekk det 3 126 mill.[16] på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 2 796 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

[16] Av dette utgjer *Spill i kasse* 83 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk eller i kassa i daglegvareforretningar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 10 236 mill. kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr*	Prosent*
Til formål frå spelverksemd 2025	7 693	75 %
Tidlegare avsette midlar betalt til formål over tippenøkkelen	130	
Totalt til formål i 2025	7 823	76 %
Driftskostnader Norsk Tipping[17]	1 879	18 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnarar)	535	5 %
Midlar som er haldne tilbake i NT[18]	0	0 %
Sum = netto omsetning	10 236	100 %

*) *Beløpa er avrunda og kan derfor avvike frå tidlegare i dokumentet*

Til formåla gjekk det 7 823 mill. kroner eller 76 % av netto omsetning.

I 2024 gjekk 79 % til formål, som utgjorde 8 038 mill. kroner.

Frå 2025-overskotet blei 6 870 mill. utbetalt over tippenøkkelen. Formålsinntekt i bingo frå Belago-terminalane utgjer 34 mill. og 879 mill. kroner kjem frå ordninga med Grasrotandelen. I det totale beløpet inngår også 38 mill. til tiltak mot uheldig speleåtferd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2025 blei utbetalt til formål i 2026.

Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen[19]

Frå 2025-overskotet gjekk 4 116 mill. kroner[20] til idrettsformål, 1 158 mill. til kulturformål og 1 173 mill.[21] til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. 440 mill. gjekk til helse- og rehabiliteringsformål og delast ut av Stiftelsen Dam.

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 390 mill., *Frifond* 220 mill. og *Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg* 89,5 mill. kroner.

[17] Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandelen er ikkje rekna med her.

[18] Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år. Det blei ikkje halde tilbake midlar for speleåret 2025.

[19] Kultur- og likestillingsdepartementet: Prop. 1 S (2025-2026) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 165 til 170.

[20] I tillegg blei det brukt 50 mill. kroner av disponible midlar, slik at det ble fordelt 2 066 482 000 kroner til idrettsanlegg i kommunane i 2025.

[21] Overskotet frå Norsk Tipping i 2025 til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2026 var 1 158 mill. kroner. Med opptente renter frå tidlegare år er totalt overskot 1 173 mill. kroner.


Idrett

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.[22]

Tal i mill. kroner	
Idrettsanlegg	2 095
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	965
Tilskot til lokale lag og foreiningar	535
Spesielle aktivitetar	185
Forskings- og utviklingsarbeid	42
Nasjonalanlegg og spesielle anlegg	141
Særskilte tilskot	153
Totalt	4 116

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, høvesvis 51 % og 23 %. Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar 2025



[22] Pressemelding frå Kulturdepartementet 7. mai 2026, beløp er avrunda.

Samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar

Det skal i 2026 tildelast 1 173 mill.kroner. Midlane blir fordelte etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping. Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller krava i forskrifta kan søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 mill. kroner i søknadsgrunnlag.

I juni 2026 vart det utbetalt 619 mill. kroner til dei tre beredskapsorganisasjonane. I tillegg skal det i løpet av hausten 2026 tildelast 553 mill. kroner til organisasjonane som søker på tilskotsordninga. Dette er organisasjonar innanfor, helsetenester, sosiale tenester, krise- og støttearbeid, natur- og miljøvern og dyrevern.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2026	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2025 Tal i mill. kr
Norges Røde Kors	366
Redningsselskapet	226
Norsk Folkehjelp	28
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad (frist 1. september)	553
Totalt	1 173

Endeleg fordeling av beløp til øvrige organisasjonar vil ikkje vere klar før medio desember. Når fordelinga er klar vil det publiserast ein oppdatert versjon av statistikken på vår nettstad. I kapittel 1 under *Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar* er det laga eit estimat på den endelege fordelinga til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si spelomsetning i 2025 har det gått 879 mill.r[23] til 39 093 lokale lag og foreiningar. Grasrotandelen gir spelaren rett til å velje eit lag eller ein foreining som mottek inntil 7 % av speleinnsatsen hos Norsk Tipping. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Utbetalte grasrotmidlar i 2025, kroner	Tal foreiningar
Idrett	439 530 337	10 332
Rekreasjon og sosiale foreiningar	95 839 869	8 144
Kunst og kultur	77 735 534	7 649
Interesseorganisasjonar	56 035 575	3 030
Dyrevern	48 905 095	191
Lokalsamfunnsutvikling	38 136 356	3 460
Sosiale tenester	36 533 579	1 111
Barne- og ungdomsorganisasjonar	32 018 284	1 905
Andre helsetenester	14 761 290	542
Krisehjelp og støttearbeid	8 326 545	183
Trus- og livssynsorganisasjonar	6 284 843	847
Internasjonale organisasjonar	5 539 999	240
Mangfald og inkludering	5 068 737	409
Økonomisk og materiell støtte	4 662 178	164
Natur- og miljøvern	3 671 873	365
Frivilligsentralar	1 946 289	129
Pengeutdelande stiftingar	1 810 372	14
Bustad- og lokalmiljø	1 134 527	209
Andre	590 925	29
Politiske organisasjonar	479 287	105
Anna utdanning	165 088	10
Sjukehus og rehabilitering	103 321	4
Juridisk rådgjeving	62 620	2
Grunnskule og vidaregåande utdanning	40 130	3
Forsking og utvikling	22 433	4
Arbeidsopplæring	17 285	1
Sjukeheimar	16 143	1
Yrkessamanslutningar	11 580	5
Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	7 813	2
Arbeidstakarorganisasjonar	1 799	2
Høgskule og universitet	1 507	1
Totalt	879 461 210	39 093

[23] På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

Med Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2025	Mill. kr	Prosent
Idrett	440	50 %
Musikk/kultur/fritid	245	28 %
Helse	89	10 %
Humanitær	28	3 %
Diverse	61	7 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	16	2 %
Totalt	879	100 %

Halvparten av grasrotmidlane gjekk i 2025 som i 2024 til idrettslag. Også organisasjonar innan *Musikk/kultur/fritid* har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga større enn det som kjem fram over.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingohallane der terminalane er plassert.

For 2025 gjekk det frå desse terminalane 34 mill. til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast del av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 115 mill. i 2025)[24]. Beløpet blir betalt ut gjennom bingomedhjelparane. Fordelinga på Lotteritilsynets kategoriar basert på ICNPO kodar er vist under:

Belago	Mill. kr	Prosent
Idrett	14,6	43 %
Helse	9,7	29 %
Musikk/kultur/fritid	7,8	23 %
Humanitær	0,5	1 %
Diverse	1,3	4 %
Totalt	33,9	100 %

[24] Skilnaden på beløp frå Norsk Tipping og faktisk utbetalt i 2024 skuldast periodisering og etterslep.

Stiftelsen Dam

Stiftelsen fekk 440 mill. frå tippenøkkelen[25].

Stiftelsen fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar i Norge. Frivillige helseorganisasjonar kan søke om midlar etter ha blitt godkjent som søkarorganisasjonar av stiftelsen.

Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Frå speleoverskotet i 2025 skal stiftelsen dele ut 440 mill. kroner. Fordelinga skjer løpande gjennom 2026. Stiftelsen sitt program Ekspress, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar får støtte til mindre prosjekt i lokallaga, inngår også i fordelinga. Beløpa i tabellen viser totalt tilgjengelege midlar i 2026. Når tildelinga er klar vil det publiserast ein oppdatert versjon av statistikken på vår nettstad:

Fordeling til formål	Tilgjengelege midlar totalt[26] (Mill. kr)	Prosent
Helse	142	31 %
Utvikling	138	30 %
Forsking	165	36 %
Ekspress	25	5 %
Totalt	470	100 %

[25] Fast 6,4 % av totalt overskot frå tippenøkkelen.


[26] Henta frå Tilskudd.no. Totalt beløp inkluderer speleoverskotet frå Norsk Tipping og stiftelsens eige program.

4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,28 milliardar kroner i 2025.

Grafen under viser fordeling i omsetning på dei ulike spela til Norsk Rikstoto i 2025[27].

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel i 2025, totalt 3 278 millonar kroner



Beløpa er avrunda og summen av tala avvik derfor frå total brutto omsetning oppgitt i tabellen under

Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 278	100 %
Totalt til gevinst	2 290	70 %
Total netto omsetning	988	30 %

70 % av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og nær ein tredjedel blei fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2025, frå 655 til 571. Ved utgangen av 2025 var det i Norge ti travbaner og ei galoppbane, men det kan også spelast på løp i andre land.

[27] Spelet V85 blei introdusert 25. oktober 2025 som ein erstatning for internasjonal V75.

9 % av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar. Omsetning på banar er frå 2023 rekna med som omsetning gjennom fysiske kommisjonærar. Sal av spel over internett / mobil utgjorde 91 %. I 2024 utgjorde denne omsetninga 87 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over internett)	294	9 %
Internett/Mobil	2 984	91 %
Totalt	3 278	100 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter gevinstutbetaling var det 988 mill. kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	495	50 %
Til operatør (Rikstoto)[28]	437	44 %
Til kommisjonær	56	6 %
Sum = netto omsetning	988	100 %

Til formåla gjekk det 495 mill. kroner eller 50 % av netto omsetning.


Frå og med 2023 er fordeling på ulike formålskategoriar endra. Fordeling til formål fordelast etter «Forskrift om fordeling av overskuddet fra pengespill på hest».[29]

Fordeling til formål	Mill. kr
Tilskot utan søknad	
Det Norske Travselskap	406
Norsk Galopp	46
Norsk Hestesenter	29
Tilskot etter søknad	15
Totalt	495

[28] Provisjonar internettspel og avgift nordisk spel er medrekna her.

[29] https://lovdata.no/forskrift/2023-03-13-327

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2025
totalt kr 495 millionar



Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 56 mill. eller 6 % av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira eigne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	988
Andre inntekter	46
Samla kostnader	1 034
Årsresultat	0

Beløpa er avrunda

Årsresultatet for Norsk Rikstoto blei kroner 0,- i 2025, det same som i 2024.

5. Spel på nett og mobil - Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett eller mobil. For fleire av spela er dette same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i Instaspill-kategorien og Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Sidan 2018 har langt over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Norsk Tipping	51 %	59 %	68 %	78 %	80%	82 %	85 %	88 %	90 %
Norsk Rikstoto	49 %	62 %	66 %	74 %	78 %	81 %	84 %	87 %	91 %

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2025 blei 91 % av spela kjøpt på internett eller med mobil. For Norsk Tipping kjem 90 % av bruttoomsetninga i 2025 frå spel kjøpt på nett eller mobil.

Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria, Yezz og e-Flax kan berre spelast på nettbaserte plattformer. For Sportsspel og Talspel utgjorde dei digitale løysingane høvesvis 99 % og 83 % av omsetninga. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd digitalt.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2025[30] og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2025.


Frå desse undersøkingane har 57 % av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2025 utgjorde dette 2,57 million nordmenn over 18 år. 99 % av nettspelarane sa dei spelte hos ein norsk regulert aktør - Norsk Tipping (98 %), Norsk Rikstoto (10 %), Postkodelotteriet (8 %) eller nettbingo hos lokal bingohall som tilbyr hovudspel på nett (1 %). 5 % av nettspelarane svarte at dei hadde spelt på utanlandske nettstader. Dette utgjer om lag 3 % av nordmenn over 18 år og eldre om ein skalerer opp med antal spelarar i befolkninga[31]. Når vi samanliknar desse resultata med reelle tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto ser vi at målingane gir for høgt anslag for nettspelarar.

[30] Kvartalsvise målingar gjort i 2025 (totalt 4 141 spurde over 18 år).

[31] 5 % av 2,57 mill. nettspelarar er om lag 128 000 nordmenn. Det var i snitt 4,51 mill. nordmenn over 18 år i 2025. 128 000/4,51 mill. er om lag 3 %.

Kanalisering

For 2025 estimerer[32] Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1,7 og 2,1 milliard kroner på utanlandske nettstadar. Dette utgjer ein marknadsdel for spel i konkurranse på om lag ein tredjedel og 13 % av den totale pengespelmarkanden i 2025[33].



[32] Kanalisering i 2025 er nærare omtalt i Lotteritilsynet rapport om ansvarligheit og kanalisering : https://lottstift.no/app/uploads/2026/05/26_00403-5-Ansvarlegheit-og-kanalisering-hos-Norsk-Tipping-og-Norsk-Rikstoto-mars-2026-korri-1377306_1_1.pdf

[33] Metoden for berekning av kanalisering vart endra i 2025 og kan derfor ikkje samanliknast direkte med måla kanalisering i 2024.

6. Bingo

Bingo deler vi i to typar: *Bingo med medhjelpar* der medhjelpar står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan medhjelpar* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Bingo med medhjelpar

Dette er arrangement der medhjelparar (profesjonelle bingoaktørar) driv bingo i≈eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Pengespelregisteret med informasjon om 39 bingomedhjelparar som til saman dreiv 194 bingolokale i 2025. I 2024 var det 198 bingolokale.

Bingo med medhjelpar – nøkkeltal år 2025

Brutto omsetning sidespel er inkludert	3 685 mill. kr
Gevinst	2 958 mill. kr
Netto omsetning	728 mill. kr
administrativ kostnad	553 mill. kr
overskot til formåla[34]	168 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	5 %
Formåla sin del av netto oms.	24 %
Gevinstprosent	80 %

Bingo med medhjelpar omsette for 3,7 milliardar kroner. Til lag og organisasjonar blei det overført 168 mill. kroner eller 5 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 80 % og formåla sin del av netto omsetning er 24 %.

Samanlikna med 2024 er omsetninga betydeleg redusert. Brutto omsetning i 2024 var 4 616 mill. kroner, og netto omsetning var 897 mill. kroner. Ei endring frå 2024 er at blei innført krav om registrerte spel og tapsgrenser i 2025[35].

Formåla har dermed fått mindre inntekt frå bingo enn i 2024. Reduksjonen utgjer 49 mill.. Dei fleste formål får i tillegg inntekt frå Belago. Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2025 fekk formåla 34 mill. kroner frå Belago, ein reduksjon på 3 mill. frå 2024. Totalt er inntektene til formåla redusert med 53 mill. kroner.

[34] Etter at medhjelpar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 6 millionar).

[35] Frå 01.01.2025 blei det innført krav om registrerte spel per spelleverandør. Frå 01.09.2025 blei det innført tapsgrensar. Regjeringen gjør endringer i pengespillforskriften og innfører registrert spill og tapsgrenser på elektroniske bingospill i bingohaller - regjeringen.no. Krav om registrert spel og tapsgrensar er forankra i høvesvis Pengespelforskrifta § 63 og § 66.

Bingo med medhjelpar – nøkkeltal år 2025

Tal i mill. kroner	Brutto-oms.	Gevinst	Gevinst-prosent	Netto-oms.	Til formål	Pst. til formål av nettooms.
Hovudspel	1 094	769	70 %	325	53	17 %
Sidespel:						
- databingo	2 591	2 189	85 %	403	121	30 %
Totalt	3 685	2 958	80 %	728	168	23 %

Netto omsetning for hovudspel er redusert frå 2024 då den var oppgitt til 338 mill. kroner. Hovudspelet kan også spelast på nett, og dette auka betydeleg frå 2024 då brutto omsetning var på 432 mill. til 476 mill. i 2025. Netto omsetning for sidespelet databingo er betydeleg redusert frå 559 mill. i 2024 til 403 mill. i 2025. Totalt for hovud- og sidespel er netto omsetning redusert med 169 mill. samanlikna med 2024. Over 92 % av reduksjonen skuldast lågare omsetning frå databingo i 2025. 80 % av bruttoomsetninga gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 85 %.

Lag og foreiningar fekk totalt 168 mill.kroner i inntekt frå bingo med medhjelpar utan at Belago er rekna med. 72 % av desse inntektene kom frå databingo.

Bingomedhjelparane har rapportert at dei spelte for 2 475 lag og foreiningar i 2025. Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2025 blei det gjennom bingomedhjelparane fordelt 34 mill. kroner til 2 300 organisasjonar. I fjerde kvartal 2025 var det totalt utplassert 925 Belago-terminalar i 157 bingohallar.

Alle bingomedhjelparane har rapportert omsetning frå databingo, og vi reknar med at det var utplassert rundt 4 850 terminalar i 2025.

	Bingoinntekter (hovud - og sidespel)[36]	Belago-inntekter[37]	Totalt	
Formål	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	75	15	90	44 %
Helse	46	10	56	28 %
Musikk/kultur/fritid	39	8	47	23 %
Humanitær	2	0,5	3	1 %
Diverse	6	1	7	3 %
Totalt	168	34[38]	202	100 %


[36] 33 lag og foreiningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriane. Dette gjeld også dei som har ICNPO-kodar som omfattar fleire kategoriar.

[37] Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

[38] Faktisk utbetalt til organisasjonane blei 33,9 mill. i 2025. Differansen mellom delen som minimum skal utbetalast til organisasjonane (30 % av netto 114,4 mill. = 34,3 mill.) jf. forskrift og utbetalt, skuldast i hovudsak at organisasjonane manglar, eller har feil, kontonummer i Frivilligheitsregisteret.

Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, om lag 90 mill. kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis om lag 56- og 47 mill. kroner.

Inntekt til formåla i 2025 medrekna Belago, totalt 202 millionar kroner



Bingo utan medhjelpar

Bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar samt bingo gjennom okalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Pengespelregisteret og mottekne bingorekneskap for 2025, frå 50 organisasjonar for vanleg bingo utan medhjelpar og 56 for radio-/TV-bingo.

Bingo utan medhjelpar – nøkkeltal år 2025

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	22 mill. kr	80 mill. kr	102 mill. kr
Gevinst	14 mill. kr	32 mill. kr	47 mill. kr
Netto omsetning	8 mill. kr	48 mill. kr	56 mill. kr
administrativ kostnad	3 mill. kr	5 mill. kr	8 mill. kr
overskot til formål	5 mill. kr	43 mill. kr	48 mill. kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	59 %	90 %	85 %
Gevinstprosent	65 %	40 %	49 %

Brutto omsetning for bingo utan medhjelpar var 102 mill. kroner i 2025, fordelt på 22 mill. kroner for bingo utan medhjelpar og 80 mill. for radio/TV-bingo. Etter fråtrekk av gevinstkostnader utgjer netto omsetning 56 mill., og 48 av desse er overskot til ulike formål.

Brutto omsetning er marginalt ned frå 2024, medan netto omsetninga har auka med om lag 3 mill. Det skuldast i hovudsak lågare gevinstprosent for radio-/TV-bingo. Overskot til formål er tilnærma lik som i 2024 som følgje av auka administrative kostnader.

Formålsinntekter fordelt på kategoriane:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	2,3	5 %
Musikk/kultur/fritid	2,2	5 %
Helse	0,1	0,1 %
Diverse	0,1	0,2 %
- fleire kategoriar	0,1	0,2 %
Lokalradio og lokal-TV	43,1	90 %
Totalt	47,8	100 %

7. Andre lotteri

For 2025 har vi registrert 67 ulike lotteri.

Lotteria her er landsdekkande, regionale eller lokale. Frå 2023 er dei minste lotteria ikkje lenger med i statistikken. Etter ny lotterilov er organisasjonar verken meldings- eller rapporteringspliktige dersom dei har loddsal for mindre enn kroner 200 000. Vi viser først tal for lands-, regionale- og lokale lotteri som er meldingspliktige, deretter lotteria etter kapittel 10 (lotteri med lisens) i pengespelforskrifta, og til slutt Poker-NM.

Landsdekkande, regionale og lokale lotteri

Vi har totalt registrert 65 lotteri. 17 av desse er landsdekkande.

Landslotteri, regionale og lokale lotteri - nøkkeltal år 2025

Nøkkeltal 2025	Beløp (mill. kr) / Prosent
Loddsal (Brutto omsetning)	81,9[39] mill. kr
Gevinstkostnad	16,0 mill. kr
Netto omsetning	65,9 mill. kr
administrativ kostnad	27,8 mill. kr
overskot til formål	38,1 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	47 %
Formåla sin del av netto oms.	58 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	20 %

Total omsetning var 82 mill. kroner.

Samla gevinstkostnad i 2025 var 16 mill. kroner. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 28 mill. kroner.

Overskotet til organisasjonane var 38 mill. Dette utgjorde 47 % av brutto– og 58 % av netto omsetning. Ein større del av omsetninga tilfall organisasjonane i 2025 enn i 2024.

Lotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlem-sal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

[39] 20.10.2026 var framleis 8 av lotteria sine rekneskap under behandling. Desse inkludera store lotteri som til saman utgjer om lag 7 mill. av oppgitt brutto omsetning. Omsetningstala for Astma- og Allergilotteriet i 2025 er estimerte på grunnlag av tala frå 2024, ettersom medhjelparen gjekk konkurs og det derfor ikkje var mogleg å hente ut omsetningstal for 2025.

Fordeling av inntekt til formåla:

Formål	Tal lag/org	Overskot (mill.)	Prosent overskot
Idrett	46	13,2	35 %
Helse	8	12,8	33 %
Musikk, kultur og fritid	7	6,4	19 %
Humanitær	5	1,4	3 %
Diverse	4	1,8	3 %
- fleire kategoriar	3	2,4	7 %
Totalt	73	38,1	100 %

Idretts- og helseorganisasjonane har størst prosentdel til formål.

Av lotteria er det berre *Landsforeningen for hjerte- og lungesyke* sitt eige landslotteri som har ei omsetning over 10 mill. kroner. I 2025 omsette LHL sitt lotteri for om lag 27 mill., mot 31 mill. i 2024.

Større lotteri med lisens[40]

Desse lotteria har større årleg omsetningsramme. I 2025 var det to slike lotteri, Pantelotteriet og Postkodelotteriet. Samla omsetning for lotteria var 765 mill. Omsetninga har auka frå 751 mill. i 2024.

Nøkkeltal 2025	Beløp (mill. kr) / Prosent
Loddsal	765 mill. kr
Gevinstkostnad	247 mill. kr
Netto omsetning	518 mill. kr
administrativ kostnad	246 mill. kr
overskot til formål	272 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	36 %
Formåla sin del av netto oms.	53 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	32 %

Organisasjonane som hadde inntekter frå desse lotteria i 2025 var Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet). Formåla som er kategorisert som *Humanitær* (Norges Røde Kors og SOS-Barnebyer Norge), har samla motteke 209 mill., medan 63 mill. har gått til miljøorganisasjonen WWF Norge som fell inn under kategorien *Diverse*.

[40] Før 1. januar 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, § 7 i forskrift til lov om lotterier m.v.

Poker-NM

Nøkkeltal 2025	Beløp (mill. kr) / Prosent
Brutto omsetning (deltakaravgift)	42 mill. kr
Gevinstkostnad	33 mill. kr
Netto omsetning	9 mill. kr
administrativ kostnad	7 mill. kr
overskot til formål	2 mill. kr
Formåla sin del av brutto oms.	5 %
Formåla sin del av netto oms.	22 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	78 %

Omsetninga i Poker-NM har auka samanlikna med 2024[41]. I 2024 var brutto omsetning 37 mill., som tilsvarar ein auke på 5 mill. kroner. Inntekta til formåla har auka marginalt frå 1,8 mill. Det var Gynkreftforeningen og Blodkreft-foreningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM i 2025.

[41] Årsstatistikken for 2024 viste for låg omsetning for Poker-NM. Feilen skuldast at omsetninga frå dei regionale kvalifiseringane ikkje blei medrekna i total omsetning.

8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

I 2025 har totalt fem skip som går i rute mellom norsk og utanlandsk hamn hatt løyve til å tilby spel. Alle fem skip er frå Color Line. Om bord på skipa er det to typar spel; automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Passasjerane spelte i 2025 for 730 mill. om bord i desse skipa. Det meste, og 85 % blei spelt på automatar. 15 % blei satsa ved spelebord.

Nøkkeltal 2025	Beløp (mill. kr) / Prosent
Brutto omsetning	730 mill. kr
Automatar	623 mill. kr
Spelebord	108 mill. kr
Gevinstkostnad	611 mill. kr
Automatar	535 mill. kr
Spelebord	76 mill. kr
Netto omsetning	119 mill. kr
Administrativ kostnad	95 mill. kr
Overskot til formål	24 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	84 %

24 mill. blei fordelt til 128 ulike organisasjonar som etter Lotteritilsynets kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	15,9	67 %
Musikk/kultur/fritid	2,2	9 %
Helse	2,9	12 %
Humanitær	1,3	6 %
Diverse	1,2	5 %
- fleire kategoriar	0,3	1 %
Totalt	23,8	100 %

9. English summary

In 2025 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 66.3 billion. Out of this, the players collected NOK 53.5 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 12.7 billion to be distributed among the market participants, i.e., operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 63.9 billion in 2024.

Key figures in the gambling market in Norway

	Million	
Year 2025	NOK	EUR[42]
Gross turnover (total wagered)	66 256	5 654
Prizes	53 536	4 569
Net turnover (expenditure/loss/GGR)	12 720	1 086


	Amount wagered		Expenditure / GGR	
Year 2025	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita[43]	11 808	1008	2 267	193
Per capita, 18 years and older	14 704	1 255	2 823	241
Per household[44]	24 798	2 116	4 761	406
Percentage of disposable income[45]	3.06%		0.59 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 11,808 in 2025.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 2,266.
This amounts to 0.59 % of the disposable income per household.

[42] Average rate of exchange 2025 as determined by Norges Bank: 11.7177
[43] Average population as determined by Statistics Norway.
[44] The average number of persons per household is 2.10. Figures from Statistics Norway.
[45] Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 2,163,875 million.

The Norwegian gambling market – gross turnover (sales) in 2025, total NOK 66,256 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e., NOK 57.6 billion (of this 2.8 billon on IVTs and 34.4 billion on interactive online games). Norwegians wagered around NOK 3.3 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.


Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. It was wagered near NOK 3.8 billion on bingo, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 3.7 billion. Non-entrepreneur bingo is NOK 102 million.

Among the lotteries, the licensed lotteries and the ones with permission have a total turnover at NOK 847 million.

The Norwegian championship in tournament poker had a gross turnover on NOK 42 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 730 million in 2025.

The Norwegian gambling market 2025,
market shares of gross turnover (sales)



Total NOK 66.3 billion

The Norwegian gambling market 2025,
market shares of gross gaming revenue



Total NOK 12.7 billion

10. Vedlegg

Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden. Tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er henta frå dei sjølve. Fordelinga av tippemidlar kjem frå Kultur- og likestillings-departementet. Fordelinga av midlane frå Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingomedhjelparar og lotteri med løyve og lisens har rapportert sine tal og desse er registrert i Pengespelregisteret.

Kategorisering av formål

Organisasjonane sine ICNPO-kodar registrert i Frivilligheitsregisteret er hovudsakleg brukt for å gruppere til dei ulike kategoriane. Under følger ein forklaring av inndelinga i LS sine kategoriar.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, for eksempel Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f.eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

”Særorganisasjonar” eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettigheitsgrupper, politiske parti eller namn/ organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.



Lotteri- og stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

